

Referat frå styremøte nr. 2-2021

Dato: 12. mars 2021

Tid: kl. 08.30-11.00

Stad: Møterom Marco Polo i 2. etasje på NMK i Ålesund eller Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Kommunikasjonssjef i Norsk Bane AS Thor W. Bjørlo (sak 14/21)

Tore Johan Øvstebø, leiar for Lyntogforum i Møre og Romsdal (sak 14/21)

Rådgivar Lisbeth Nervik i kompetanse og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune (sak 15/21)

Prosjektleiar Arne Håkon Sandnes i kompetanse og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune (sak 15/21)

Direktør for marin infrastruktur i Statens kartverk Njål Tengs-Hagir (sak 15/21)

Referent:

Vegard Austnes

Sak 11/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Sak 12/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-2021 (27.01.21)
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå førre møte vart godkjend.

Sak 13/21: Musea på Sunnmøre
Orientering ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Saka var oppe på representantskapsmøtet 29.01.21. Konklusjonen der var at Sunnmøre Regionråd skulle kalle inn alle kommunedirektørane i medlemskommunane til eit møte.

Møtet vart halde 19.02.21. I tillegg til kommunedirektørane, deltok styreleiar Jon Aasen og adm.dir. Audhild Gregoriusdotter Rotevatn i Musea på Sunnmøre.

Kommunedirektør i Volda kommune Rune Sjurgard, kommunedirektør i Giske kommune Marianne Stokkereit Aasen og dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal ser på det som er kome inn av innspel frå kommunane etter møtet 19.02.21. Etter dette kallar dei inn til eit nytt møte med kommunedirektørane.

Sak 14/21: Lyntogforum
Innlegg ved kommunikasjonssjef i Norsk Bane AS Thor W. Bjørlo og Tore Johan Øvstebø, leiar for Lyntogforum i Møre og Romsdal

Bjørlo presenterte Norsk Bane AS og Lyntogforum.

Lyntogforum ønskte at Sunnmøre Regionråd skulle bli medlem. Medlemskapet kostar kr. 5.000,- i årleg kontigent. Bjørlo argumenterte for at det i Norge ligg til rette for høghastighetsbane (der ein også betener regionaltrafikken).

Leiaren i lyntogforum viste til at det er behov for å få fram meir kunnskapsgrunnlag om lyntog (m.a. om samfunnsøkonomi).

Konklusjon: Sak om medlemskap vert å kome tilbake til på neste styremøte.

Sak 15/21: Marine grunnkart

Orientering ved rådgivar Lisbeth Nervik og prosjektleiar Arne Håkon Sandnes i kompetanse og næringsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, samt ved direktør for marin infrastruktur i Statens kartverk Njål Tengs-Hagir

Regionråda i fylket har hatt møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om saka tidlegare i år. Dette er ei oppfølging av det møtet, om korleis ein skal arbeide vidare. Fylkeskommunen ønskjer også å orientere om saka i representantskapet.

Marine grunnkart er naturkart (med høg oppløysing) over havbotnen i kystsona. Statens kartverk arbeider med fylkeskommunar og kommunar for å få på plass eit nasjonalt program for marine grunnkart i heile kystsona. Visjonen er at marine grunnkart i kystsona skal bidra til at Norge blir leiande i bruk av geografisk informasjon, vere ein vegvisar til verdiskaping og bidra til kunnskapsbaserte beslutningar.

Frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart det vist til at målet er å kartlegge heile fylket ved å posisjonere seg for det nasjonale programmet. Fylkeskommunen bad kommunane prioritere kva område ein vil ha kartlagt først, dette kan spelast inn i det nasjonale programmet.

Møre og Romsdal fylkeskommune bad Sunnmøre Regionråd arbeide vidare med 1. organisering og innhald i programmet i Møre og Romsdal basert på kommunane sine behov, 2. finansieringsmodell og 3. prioritering av område på Sunnmøre.

Konklusjonen: Sunnmøre Regionråd arbeider vidare med saka saman med fylkeskommunen og dei andre regionråda.

Sak 16/21: Arena Sunnmøre 2021

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Arena Sunnmøre 2021 vert digitalt 15. april. Tema er demografiutfordringar i distrikta. Kva kan ein gjere for å vere attraktive lokalsamfunn framover?

Leiar av distriktsdemografiutvalet Victor Norman deltek for å presentere utvalet sitt arbeid. Utgreiinga viser at det blir fleire eldre og færre unge i distrikta framover.

Direktør Merete Mikkelsen frå Vest-Norges Brusselkontor ser på desse utfordringane

frå eit EU-perspektiv. The North West ved dagleg leiar er spurt om å vere programleiar. Sunnmørsposten er spurt om å streame arrangementet. Målet er å nå breitt ut med temaet.

Styremedlem Sølvi Dimmen, dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og dagleg leiar i The North West Gjermund Kvernmo Langslet arbeider vidare med programmet og legg det fram for styret på neste styremøte 25.03.21.

Sak 17/21: Innkomne saker frå styremedlemar til drøfting

Framtidig kollektivtilbod E-39. Kort innleiing om saka ved nestleiar i styret Eva Hove. Hove viste til at når E-39 no kjem med ny trase, så er det viktig å sjå på korleis tilbodet om kollektivtransport vert for dei kommunane som ligg lengst frå E-39.

Konklusjonen var at Eva Hove sender ein e-post til Sunnmøre Regionråd om saka. Dette som eit grunnlag for administrasjonen og styret sitt vidare arbeid.

Regional klimaplan. Kort innleiing om saka ved styremedlem Harry Valderhaug, samt orientering om status ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal (saka var tema på førre møte i representantskapet).

Valderhaug tok opp at ein må arbeide med klimaplan regionalt. Dagleg leiar orienterte om at saka vart handsama i representantskapsmøtet 29. januar 2021, og at arbeid med regional klimaplan allereie er sett i gang. De fleste medlemskommunane i Sunnmøre Regionråd deltek i arbeidet.

Sak 18/21: Innleiande drøfting av handlingsplan for Sunnmøre Regionråd

På representantskapsmøtet 29.01.21 blei styret bedt om å legge fram ein handlingsplan til komande representantskapsmøte.

Administrasjonen sendte difor ut ein førespurnad om kva saker styremedlemene vil prioritere.

Styremedlem Harry Valderhaug og styremedlem Dag Olav Tennfjord har gjeve tilbakemelding om PCI-tilbodet i HMR HF som prioritert sak i regionrådet.

Styret var samd i at dette er ei sak som skal vere i med handlingsplanen for regionrådet. Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal opplyste at lege Egil Romslo Schistad ved Ålesund sjukehus er invitert til komande styremøte den 25. mars 2021 for å orientere styret om denne viktige saka.

Styreleiar Vebjørn Krogseter har meldt inn ei sak om korleis ein kan få fleire pasientar til å nytte lokalsjukehusa i fylket framfor tilbod utanfor fylket.

Denne saka skal også vere med i handlingsplanen for regionrådet.

Handlingsplanen skal leggjast fram for representantskapet på komande møte.